



Likelydande brev til:

- 1 Austevoll Rensefisk AS
- 2 Vestland fylkeskommune

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kristine Hetlesæter, 5764 3142

Vedtak om endra løyve for Austevoll Rensefisk AS på lokaliteten 36179 Skjelevika i Austevoll kommune

Vi viser til søknad oversendt frå Vestland fylkeskommune 11.02.2021.

1 Vedtak

Statsforvaltaren endrar Austevoll Rensefisk AS sitt løyve til forureinande verksemd. Det oppdaterte løyvet med krav og vilkår ligg vedlagt.

Endringane i løyvet gjeld frå 31.05.2021. Det endra løyvet etter forureiningslova kan likevel ikkje takast i bruk før Vestland fylkeskommune har gitt løyve etter akvakulturlova.

Vi oppdaterer løyvet, og endrar art til å gjelde berggylt, rognkjeks og torsk. Vi utvidar også maksimal årleg biomasseproduksjon frå 25 til 32 tonn. Anlegget skal etter nytt løyve ikkje ha ein samla produksjon av fisk over 32 tonn årleg.

Austevoll Rensefisk AS skal betale eit gebyr for Statsforvaltaren si sakshandsaming. Gebyret er fastsett til 6 800 kroner. Vedtaket om gebyr er gjort etter forureiningsforskrifta § 39-4.

2 Kort om bakgrunnen for saka

Austevoll Rensefisk AS har produksjon i eit landbasert anlegg på lokaliteten Skjelevika. Verksemda fekk i 2016 løyve til ein total årleg biomasseproduksjon på 25 tonn av rognkjeks. Dette vart endra til å også gjelde berggylt i 2020. Det er no søkt om endring av løyvet til å også gjelde torsk (*Gadus morhua*), samt ei auke i total årleg biomasseproduksjon. Verksemda planlegg ein årleg biomasseproduksjon av torsk på 7 tonn, med eit estimert fôrforbruk på 9 tonn. På sikt er det skissert å auke produksjonen av torsk til 12 tonn årleg. Den totale årlege biomasseproduksjonen på anlegget skal ikkje overstige 32 tonn.

Verksemda har i dag produksjon av rognkjeks i vinterhalvåret. I søknaden framgår det at produksjon av torsk skal skje i sommarhalvåret. Det skal ikkje vere to artar i anlegget samtidig, og anlegget skal brakkleggast mellom kvar produksjon.

Verksemda har vurdert utsleppet til å ha liten påverknad på resipienten.



Rettsleg utgangspunkt

Forureiningslova

Når Statsforvaltaren vurderer om det skal gjevast løyve til forureinande verksemd, og eventuelt på kva vilkår, skal vi legge vekt på ulempene ved tiltaket som er knytte til forureining haldne saman med fordelar og ulemper tiltaket elles vil føre til jf. forureiningslova § 11 siste ledd. I vurderinga vil vi særleg sjå på i kva grad verksemda det er søkt om løyve for er akseptabel sett i lys av føremål og retningslinjer i §§ 1 og 2 i forureiningslova .

Naturmangfaldlova

Forvaltningsmåla i §§ 4 og 5 i naturmangfaldlova ligg til grunn for korleis Statsforvaltaren utøver mynde. Vidare skal prinsippa i §§ 8 til 12 om mellom anna kunnskapsgrunnlag, føre-var-tilnærming og samla belastning leggast til grunn som retningsliner når Statsforvaltaren tek avgjerder som kan få følgjer for naturmangfaldet.

Vassforskrifta

Vassforskrifta inneheld forpliktande miljømål om at myndigheitene skal syte for at alle vassførekomstar skal oppnå god kjemisk og økologisk tilstand med mindre det er gitt unntak med heimel i § 9 eller § 10 i forskrifta.

Nasjonalt prioriterte stoff

Noreg har eit mål om å stanse utslepp av helse- og miljøfarlege stoff. Utslepp av stoff og stoffgrupper på den nasjonale prioritetslista (sjå vedlegg 1 i løyvet) skal reduserast vesentleg og på sikt stansast.

Konfliktar med naturmangfald og friluftsliv

Statsforvaltaren er statleg fagmyndigheit for naturvern-, friluftsliv-, vilt- og laksefiskeinteresser på regionalt nivå. Vi skal i akvakultursaker gi ei fråsegn til Vestland fylkeskommune om konfliktar som etableringar eller endringar av akvakulturanlegg kan skape for desse interessene. Statsforvaltaren si fråsegn til fylkeskommunen er ikkje eit vedtak, men skal gi miljøfagleg saksopplysing innafor våre ansvarsområde til fylkeskommunen si handtering av saka etter akvakulturlova.

3 Statsforvaltaren si vurdering

Det er søkt om ei utviding i biomasseproduksjon ved anlegget, som vil føre til auka utsleppsmengder. Statsforvaltaren er ikkje kjent med at dei tidlegare utsleppa frå anlegget har hatt negativ påverknad på miljøet, og har ikkje motteke ny informasjon å bygge vurderinga på.

Vi vurderer at resipienten har god nok kapasitet til å omsetje den utsleppsmengda som anlegget vil ha ved maksimal årsproduksjon. Bidraget frå ein auka produksjon inntil 32 tonn årleg vil framleis utgjere ein sær s liten del av dei samla utsleppa av organisk materiale til resipienten. Vi ser ikkje behov for å gjere andre vurderingar enn dei som vart gjort då løyvet vart gitt 08.06.2016, og vidarefører vilkåra i løyvet. Vurderingane frå 2016 er lagt ved.



4 Saksgang

Statsforvaltaren handsamar søknader i samsvar med forureiningsforskrifta kapittel 36 om behandling av løyve etter forureiningslova.

Korrespondanse

Søknaden vart oversendt frå Vestland fylkeskommune til kommunen og sektormyndigheitene den 11.02.2021. Kommunen si handsaming av saka vart ettersendt 25.05.2021.

5 Klagerett

Austevoll Rensefisk AS og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket, inkludert gebyrsatsen. Ein eventuell klage bør innehalde ei grunngjeving og kva de ønskjer å endre. I tillegg bør andre opplysningar som kan ha noko å seie for saka takast med.

Klagefristen er tre veker frå dette brevet vart motteke. Ein eventuell klage skal sendast til Statsforvaltaren.

Med helsing

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Kristine Hetlesæter
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Løyvedokument – Austevoll Rensefisk AS – Skjelevika – Austevoll
- 2 Vurdering av søknad 2016 - Austevoll Rensefisk AS - Skjelevika – Austevoll

Mottakerliste:

Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Austevoll Rensefisk AS	Torangsvåg	5384	TORANGSVÅG

Kopi til:

Mattilsynet	Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL
Austevoll kommune	Birkelandsvegen 2	5392	STOREBØ
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN



Løyve etter forureiningslova for landbasert akvakultur til Austevoll Rensefisk AS

Statsforvaltaren gjev Austevoll Rensefisk AS løyve med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16. og det er endra med heimel i § 18. Løyvet er gjeve på grunnlag av opplysningar i søknad av 27. april 2016 og opplysningar som kom fram under handsaminga av søknaden. Løyvet gjeld frå 8. mai 2016. Løyvet er endra på grunnlag av søknadar av 02.09.2020 og 11.02.2021.

Dersom verksemda ønskjer endringar utover det som vart opplyst i søknaden eller under sakshandsaminga og som kan ha miljømessig verknad, må verksemda på førehand avklare dette skriftleg med Statsforvaltaren.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan fire år, skal verksemda sende ei utgreiing om omfanget til verksemda. Statsforvaltaren vil då vurdere eventuelle endringar i løyvet.

Verksemdsdata

Verksemd	Austevoll Rensefisk AS
Lokalitet ¹	36179 Skjelevika
Stad/gateadresse	
Postadresse	5384 Torangsvåg
Kommune og fylke	Austevoll, Vestland
Org.nummer (verksemd)	915 278 043
Koordinatar (Euref89/WGS84)	60° 06,871' N, 5° 09,793' E
NACE-kode og bransje	03.212 Produksjon av yngel og settefisk i hav- og kystbasert akvakultur.

Referansane til Statsforvaltaren

Løyvenummer	Anleggsnummer	
2016.1038.T	4625.0095.01	

Løyve gjeve: 08.05.2016	Endringsnummer: 2	Sist endra: 01.06.2021
Sissel Storebø seksjonsleiar	Kristine Hetlesæter rådgjevar	

Brevet er godkjent elektronisk og derfor inga underskrift.

¹ Jf. Akvakulturregisteret, <https://www.fiskeridir.no/Akvakultur/Registre-og-skjema/Akvakulturregisteret>

Endringslogg

Endringsnr.	Endringsdato	Punkt	Endringar
1	22.09.2020	1	Endring av løyve til også å gjelde produksjon av 2 millionar berggylt (<i>Labrus bergylta</i>).
2	01.06.2021	Generelt	Layoutmessig oppdatering frå Fylkesmannen til Statsforvaltaren i Vestland. Lagt inn endringslogg.
		Forsida	Oppdatert tittel, fjerna tilvising til risikoklasse og lagt inn lokalitetsnummer.
		1 og 3.1	Endring av løyve til å også gjelde produksjon av torsk (<i>Gadus morhua</i>). Utviding av maksimal årleg biomasseproduksjon til 32 tonn og utvida utsleppsgrenser.

1. Rammer for verksemda

Løyvet gjeld forureining frå produksjon av reinsefisk av rognkjeks og berggylt, og for produksjon av torsk. Løyvet gjeld for ein årleg produksjon av inntil 32 tonn biomasse per år med eit estimert forforbruk på 37 tonn.

Ved vesentlege endringar i drifta eller utsløppstilhøve må verksemda søke om endring av løyvet, jamvel om produksjonen ligg innafør 32 tonn/år. Grensene for utsløpp av denne produksjonen er berekna til 1,8 tonn TotN, 0,37 tonn TotP og 5,1 tonn TOC.

2. Generelle vilkår

2.1 Utsløppsavgrensingar

Utsløppskomponentar som ikkje er uttrykkjeleg regulert i løyvet, er omfatta av løyvet så langt opplysningar om utsløppa var gjort kjent i samband med sakshandsaminga, eller må reknast som kjent på annan måte då løyvet vart gjeve. Dette gjeld likevel ikkje utsløpp av prioriterte stoff oppført i vedlegg 1². Slike utsløpp er berre tillate dersom dette går tydeleg fram av vilkåra i løyvet, eller dei er så små at dei må sjåast på som uvesentlege for miljøet.

2.2 Føre-var-prinsippet, plikt til å redusere ureining så langt som mogeleg, beste tilgjengelege teknologi (BAT)³ og utskifting av utstyr

Verksemda skal etterleve ureiningslova sitt føre-var-prinsipp for å redusere miljøpåverknaden av drifta og forbruket av ressursar.

Verksemda pliktar som ein del av sin internkontroll å halde seg oppdatert på dokumentasjonen som finst for bransjen når det gjeld beste tilgjengelege teknologi (BAT). For å unngå, eller avgrense ureining og avfallsproblem, skal de nytte den beste tilgjengelege teknologien som ut frå ei samla vurdering – også av økonomiske tilhøve, gir dei beste resultatata for noverande og framtidig tilstand i miljøet. Plikta omfattar også utsløpp av komponentar som det ikkje er sett spesifikke grenser for.

2.3 Internkontroll

Verksemda pliktar å etablere ein internkontroll i samsvar med gjeldande forskrift om dette⁴. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda etterlever krava i dette løyvet, ureiningslova, produktkontrolllova og relevante forskrifter til desse lovene. Verksemda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Verksemda pliktar til ei kvar tid å ha oversikt over alle aktivitetar som kan medføre ureining eller skjemmande tilhøve og kunne gjere greie for risikotilhøva ved anlegget, jf. vilkår 10.1. Dei tilsette må ha god kunnskap om mogelege utsløpp, og må arbeide aktivt gjennom eigen kontroll for å hindre skade eller ulempe for miljøet, og for å førebyggje at utsløpp kan skje.

² Forskrift om begrensning av forurensning, Vedlegg 1: Liste over prioriterte stoff

³ Omgrepet BAT ("best available techniques") er i utgangspunktet knytt til verksemdar som er omfatta av EU sitt IPPC-direktiv (direktiv 2008/1/EC om "integrated pollution prevention and control"), som akvakultur per i dag ikkje er omfatta av. Ureiningslova § 2, 1. ledd pkt. 3 viser til liknande generell retningsline på ureiningsområdet: "For å unngå og begrense forurensning og avfallsproblemer skal det tas utgangspunkt i den teknologi som ut frå en samlet vurdering av nåværende og framtidig bruk av miljøet og av økonomiske forhold, gir de beste resultatater." BAT-dokumentasjon for akvakultur ligg føre frå Nordisk Ministerråd i rapporten TemaNord 2013:529, *Bat for fiskeopdræt i Norden*, www.norden.org/no/publikasjoner/publikasjoner/2013-529

⁴ Jf. forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i verksemdar av 06.12.1996 nr. 1127 (internkontrollforskrifta) – eller seinare utgåve.

Verksemda er ansvarleg for krava i dette løyvet og generelle krav i ureiningslova med forskrifter, og skal syte for overvaking og vedlikehald av internkontrollen når det gjeld ytre miljø.

2.4 Tiltak ved auka ureiningsfare eller unormale driftsforhold

Dersom det som følgje av unormale driftsforhold eller av andre grunnar oppstår fare for auka ureining, pliktar verksemda å setje i verk dei tiltaka som er nødvendige for å fjerne eller redusere den auka ureiningsfaren, også om nødvendig å redusere eller innstille drifta.

Verksemda skal straks informere Statsforvaltaren og nabolag

- når det vert planlagt eller uføresett oppstår tilhøve som mellombels kan føre til at utslepp av støy, støv eller lukt er høgare enn normalt.
- i situasjonar der utstyr eller andre kritiske installasjonar for vern mot/ reduksjon av utslepp sviktar eller på anna måte er ute av drift.

Ved gjentekne hendingar skal verksemda etablere eit dokumentert system for registrering av klager/meldingar. Verksemda skal gje ei vurdering av årsak til hendinga, kva som har skjedd og tiltak som er sett i verk eller som er planlagt for å motverke og avgrense verknadar og hindre gjentakning. Informasjonen skal gjerast kjent for nabolag og Statsforvaltaren.

Merk at verksemda også har varslingsplikt etter gjeldande forskrift om akutt ureining⁵.

2.5 Nærmiljø

Den ansvarlege skal utarbeide driftsrutinar som sikrar at nærmiljøulempene som følgje av drifta vert redusert til eit minimum.

Alt av innsatsstoff, kjemikal, medisin, avfall, m.m. som kan utgjere ein ureiningsfare ved anlegget, eller på annan måte vere ein fare eller ulempe for miljøet, skal lagrast forsvarleg og vere sikra mot tilgjenge frå uvedkomande.

Alle lagertankar for flytande råstoff, tilsatsstoff, innsatskjemikal eller avfall som kan utgjere ein ureiningsfare eller på annan måte vere ein fare eller ulempe for miljøet, skal sikrast mot overfylling og lekkasje.⁶

2.6 Tiltak for å sikre mot viltskade

Naturmangfaldlova og viltlova set krav om at vi skal ta vare på viltet og leveområda deira for å sikre produktiviteten og rikdomen av artar i naturen. Verksemda pliktar å setje i verk førebyggjande tiltak som vernar om både anlegg og vilt.

3. Utslepp til vatn

3.1 Utsleppsmengder

Det er sett utsleppsgrenser for samla årlege utslepp. Utsleppa frå anlegget er indirekte avgrensa gjennom produksjonsramma i vilkår 1. Det er førebels ikkje sett krav om reinsing av avløpet så lenge produksjonen er mindre enn 32 tonn årleg og så lenge miljøgranskingane syner at utsleppet ikkje gjev uønskt effekt i resipienten.

⁵ Forskrift om varsling av akutt ureining eller fare for akutt ureining av 09.07.1992, nr. 1269

⁶ Forurensningsforskrifta kapittel 18. Tanklagring av farlige kjemikalier og farlig avfall

3.2 Utsleppstad for prosessavløp

Avløpsvatnet skal førast til resipienten i Hundvåkosen på 40 m djup.

3.2 Utslepp av medisin og kjemikal

Bruk og utsløpp av medisin, pesticid og desinfeksjonsmiddel skal verksemda gjere i samsvar med gjeldande regelverk/retningslinjer frå myndigheitene.

4. Miljøovervaking og rapportering til Statsforvaltaren

4.1 Krav til miljøtilstand

Utslepp frå anlegget skal ikkje føre til at vedtekne miljømål for vassførekomsten ikkje let seg gjere å oppnå, eller at miljøtilstanden vert redusert, jf. vassforskrifta⁷ og tilhøyrande klassifiseringsretteleiar⁸ for miljøtilstand.

Utslepp frå akvakultur skal ikkje gi dårlegare tilstandsklasse i øvre vasslag om sommaren enn naturtilstanden. Strandsona i nærleiken av ein lokalitet skal ikkje vere synleg påverka av utsløpp eller anna forureining frå akvakultur. Verksemda skal utføre jamleg, risikobasert miljøovervaking med for å dokumentere at ovannemnte blir haldt, jf. akvakulturdriftsforskrifta §§ 35 og 36.

4.2 Krav til overvaking

Verksemda skal syte for overvaking av effektar av utsløppa til sjø etter eit risikobasert overvakingsprogram. Miljøovervakinga skal skje i samsvar med nasjonale standardar, og føringar i vassforskrifta og rettleiaren for klassifisering av miljøtilstanden i vatn.

Produksjonen på lokaliteten er liten. Risikobasert tilnærming til overvaking tilseier at det kan gjerast enkle miljøgranskingar, til dømes ei tilpassa MOM-B gransking, ved utsløppspunktet kvart fjerde år.

Statsforvaltaren kan påleggje verksemda å betale sin del av kostnadene ved ei felles resipientundersøking saman med andre verksemder med utsløpp i området der anlegget er plassert.

4.3 Rapportering til Statsforvaltaren

Resultat og data frå rapportar frå miljøgranskingar skal verksemda sende elektronisk og til Statsforvaltaren i Vestland.

5. Utslepp til luft

Førlagring og førtillaging, spyling, reingjering og tørking av nøter, handtering av avfall og andre aktivitetar ved anlegget skal gå føre seg på ein slik måte at dei ikkje fører til luktulemper for naboar og lokalmiljø.

⁷ Forskrift om rammer for vannforvaltningen (vannforskriften) av 15.12.2006, nr 1446

⁸ Direktoratgruppen Vanndirektivet 2013, Veileder 02:2013 Klassifisering av miljøtilstand i vann

6. Forureina sediment

Verksemnda skal vere innretta slik at det ikkje skjer utslepp til sediment (sjøbotn) som kan føre til nemnande skadar eller ulemper for miljøet.

Verksemnda pliktar heile tida å ha oversyn over mogleg forureina sediment under og like ved utsleppspunktet. Det same gjeld faren for spreining, og om det er trong for undersøkingar og tiltak. Dersom det er nødvendig å setje i verk undersøkingar eller andre tiltak, skal Statsforvaltaren varslast om dette.

Mudring eller andre tiltak som kan påverke forureina sediment, må ha løyve etter forureiningslova frå Statsforvaltaren⁹.

7. Støy

Anlegget skal verksemnda utforme og drive slik at det ikkje oppstår urimelege støyplager for omgjevnaden. Aktivitetar som medfører fare for spesiell støy, bør i størst mogleg grad gjennomførast innanfor vanleg arbeidstid frå måndag til fredag kl. 7–16.

Utandørs støy frå verksemnda ved bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar, målte eller rekna ut som frittfeltsverdi ved den mest støyutsette fasaden, skal ikkje overskride desse grensene:

Kvardagar	Laurdagar	Søn- og helgedagar	Kveld (kl. 19–23), kvardagar	Natt (kl. 23–07), alle døgn	Natt (kl. 23–07), alle døgn
55 L _{den}	50 L _{den}	50 L _{den}	50 L _{evening}	45 L _{night}	60 L _{AFmax}

L_{den} er A-vege ekvivalent støynivå for dag/kveld/natt med 10 dB/5 dB tillegg på natt/kveld.

L_{evening} er A-vege ekvivalent støynivå for kveldsperioden 19-23.

L_{night} er A-vege ekvivalent støynivå for nattperioden 23–07.

L_{AFmax} er A-vege maksimalnivå for dei 5–10 mest støyande hendingane innanfor perioden, målte/rekna ut med tidskonstant "Fast" på 125 ms.

Verksemnda skal halde seg innanfor alle støygrenser alle driftsdøgn. Støygrensene gjeld all støy frå anlegget, medrekna intern transport på verksemdsområdet og lossing/lasting av råvarer og produkt. Støy frå bygg- og anleggsverksemd og frå ordinær persontransport av dei tilsette i verksemnda, er ikkje omfatta av grensene.

8. Energi

Verksemnda skal ha eit system for kontinuerleg vurdering av tiltak som kan setjast i verk for å oppnå ein mest mogleg energieffektiv produksjon i anlegga. Energistyringssystemet skal vere i samsvar med norsk standard for energileiing og vere ein del av internkontrollen i verksemnda, jf. punkt 2.3.

⁹ Jf. forureiningsforskrifta. Kapittel 22. Mudring og dumping i sjø og vassdrag

9. Avfall

9.1 Generelle krav

Verksemnda pliktar, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper, å unngå at verksemnda fører til at det blir danna avfall. Særleg skal verksemnda avgrense innhaldet av skadelege stoff i avfallet mest mogleg.

Verksemnda pliktar å sørgje for at all handtering av avfall, inkludert farleg avfall¹⁰, skjer i samsvar med gjeldande reglar for dette fastsett i eller i medhald av ureiningslova, som t.d. avfallsforskrifta¹¹.

Avfall som oppstår i verksemnda, skal verksemnda søkje å få gjenbrukt i eigen produksjon eller i produksjonen til andre verksemder, eller – for avfall som kan brennast – søkje å utnytte det til energiproduksjon internt/eksternt. Slik utnytting må likevel vere i samsvar med gjeldande reglar fastsette i eller med heimel i forureiningslova og krav som er fastsette i dette løyvet.

Brenning av avfall er ikkje tillate.

9.2 Handtering av medisin-, kjemikalierestar

Verksemnda skal handtere unytta restar av medisinfôr, antibiotika, pesticid eller andre spesielt miljøfarlege stoff (gjeld også emballasje) og anna farleg avfall i samsvar med gjeldande reglar for farleg avfall¹². Det same gjeld for oppsamla fôrrestar og ekskrement som inneheld antibiotika.

Medisin, pesticid, og kjemikal skal vere lagra forsvarleg og slik at dei ikkje er tilgjengelege for uvedkomande.

Lagerlokalet skal utformast slik at spill ved uhell eller liknande ikkje blir slept ut, men blir samla opp.

9.3 Handtering av produksjonsavfall

Død fisk, slakteavfall, fôrrestar, slam, feitt o.l. skal verksemnda handtere på ein slik måte at det ikkje oppstår forureining.

Anlegget skal ha beredskap for å kunne handtere massiv fiskedød.

Verksemnda skal samle opp død fisk og raskt konservere han anten ved ensilering, frysing, e.l. Før fisken blir lagra på ensilasjetank, skal verksemnda kverne han.

Verksemnda skal levere ensilert fiskeavfall til godkjent anlegg for attvinning. Transporten skal skje på ein slik måte at det oppstår minst mogleg ulempe, lukt m.m.

Det er ikkje tillate å dumpe død fisk og anna avfall i sjøen. Det er heller ikkje tillate å grave han ned eller brenne han.

¹⁰ Farleg avfall er avfall som ikkje kan handsamast saman med anna avfall fordi det har eigenskapar som kan medføre forureining eller vere farleg for menneske eller dyr.

¹¹ Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall av 01.06.2004, nr. 930.

¹² Avfallsforskrifta. Kapittel 11. Farleg avfall

10. Førebyggjande og beredskapstiltak mot akutt forureining

10.1 Miljørisikoanalyse

Verksemnda skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse av verksemnda si, og vurdere resultatata med tanke på akseptabel miljørisiko. Verksemnda skal kartleggje moglege kjelder til akutt forureining av vatn, grunn og luft. Verksemnda skal dokumentere miljørisikoanalysen og han skal omfatte alle tilhøve ved verksemnda som kan føre til akutt forureining med fare for helse- og/eller miljøskadar inne på eller utanfor området til verksemnda. Om produksjonstilhøva blir modifiserte og endra, skal verksemnda oppdatere miljørisikoanalysen.

Verksemnda skal ha oversikt over dei miljøressursane som ei akutt forureining, med dei helse- og miljøkonsekvensane ho fører med seg, kan få følgjer for.

10.2 Førebyggjande tiltak

På grunnlag av miljørisikoanalysen skal verksemnda setje i verk risikoreduserande tiltak. Verksemnda skal vurdere tiltak med tanke på å redusere sannsyn og konsekvensar. Verksemnda skal ha eit oppdatert oversyn over dei førebyggjande tiltaka.

10.3 Rutinar for vedlikehald

Verksemnda pliktar å føre jamleg tilsyn og kontroll med utsleppsrelaterte utstyr, slik at desse alltid blir drivne mest mogleg effektivt. For å sikre dette, skal verksemnda drive førebyggjande vedlikehald og ha eit rimeleg reservelager av dei mest utsette komponentane.

10.4 Journalføring

Verksemnda skal registrere og journalføre følgjande data:

- fiskemengd
- mengd død fisk
- talet på rømt fisk
- fôrtype og fôrforbruk
- bruk av og type og mengd:
 - antibiotika
 - pesticid
 - andre kjemikal
- mengd oppsamla slam med antibiotika, og disponeringsmetode
- avfallsmengd og disponeringsmetode

Journalen må takast vare på ved anlegget i minst 3 år og vere tilgjengeleg ved tilsyn.

10.5 Etablering av beredskap

Verksemnda skal, på bakgrunn av miljørisikoanalysen og dei risikoreduserande tiltaka som er sette i verk, etablere og vedlikehalde ein beredskap mot akutt forureining. Beredskapen skal til ei kvar tid vere tilpassa den miljøriskoen som verksemnda representerer. Minst ein gong i året skal verksemnda øve på beredskapen mot akutt forureining.

10.6 Varsling om akutt forureining

Verksemnda skal varsle akutt forureining eller fare for akutt forureining i samsvar med gjeldande forskrift¹³. Dette gjeld til dømes akutte utslepp av antibiotika, kjemikalie og liknande. Verksemnda skal også, så snart som mogleg, varsle Statsforvaltaren på e-post sfvlpost@statsforvalteren.no i slike tilfelle.

11. Utskifting av utstyr

Dersom verksemnda skal skifte ut utstyr som gjer det teknisk mogleg å motverke forureiningar på ein vesentleg betre måte enn då løyvet vart gitt, skal Statsforvaltaren få melding om dette på førehand.

Når verksemnda byter ut utstyr skal det liggje til grunn at ein nyttar dei beste, tilgjengelege teknikkane med sikte på å motverke forureining.

12. Eigarskifte

Dersom verksemnda blir overdregen til ny eigar, skal verksemnda sende melding til Statsforvaltaren så snart som mogleg og seinast éin månad etter eigarskiftet.

13. Nedlegging

Viss anlegget blir nedlagt eller verksemnda stansar for ein lengre periode, skal eigaren eller brukaren til ei kvar tid gjere det som trengst for å motverke fare for forureining. Viss anlegget eller verksemnda kan føre til forureining etter nedlegginga eller driftsstansen, skal verksemnda på førehand og i rimeleg tid gi melding til Statsforvaltaren.

Statsforvaltaren kan fastsetje nærare kva tiltak som trengst for å motverke forureining.

Ved nedlegging skal verksemnda syte for at driftsstanden blir sett i tilfredsstillande stand att med tanke på miljøet.

14. Tilsyn

Verksemnda pliktar å la representantar for forureiningsmyndigheitene føre tilsyn med anlegget til ei kvar tid.

¹³ Forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining av 09.07.1992, nr 1269.

VEDLEGG 1**Liste over prioriterte miljøgifter, jf. punkt 2.1.**

Utslepp av desse komponentane er berre omfatta av løyvet dersom dette går uttrykkeleg fram av vilkåra i punkt 3 og punkta etter.

Metall og metallsambindingar:

	Forkortingar
Arsen og arsensambindingar	As og As-sambindingar
Bly og blysambindingar	Pb og Pb-sambindingar
Kadmium og kadmiumsambindingar	Cd og Cd-sambindingar
Krom og kromsambindingar	Cr og Cr-sambindingar
Kvikksølv og kvikksølv-sambindingar	Hg og Hg-sambindingar

Organiske sambindingar:

Bromerte flammehemmarar	Vanlege forkortingar
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2,2',6,6'-tetrabromo-4,4'-isopropyliden difenol)	TBBPA

Klorerte organiske sambindingar

Dekloran pluss (syn og anti isomere former)	DP (syn-DP, anti DP)
1,2-Dikloreten	EDC
Klorerte dioksiner og furaner	Dioksiner, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjedete klorparafiner C ₁₀ -C ₁₃ (kloralkaner C ₁₀ -C ₁₃)	SCCP
Mellomkjedete klorparafiner C ₁₄ -C ₁₇ (kloralkaner C ₁₄ -C ₁₇)	MCCP
Klorerte alkylbenzener	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenyler	PCB
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Trikloreten	TRI
Trikloran (2,4,4'-Triklor-2'-hydroksydifenyleter)	TCS
Tris(2-kloretyl)fosfat	TCEP

Einskilde tensid

Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC

Nitromusksambindingar

Muskxylen	
-----------	--

Alkyfenoler og alkylfenoletoksylder

Nonylfenol og nonylfenoletoksylder	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenol og oktylfenoletoksylder	OF, OP, OFE, OPE
4-heptylfenoler (forgrenet og rettkjedet)	4-HPbl
4-tert-pentylfenol	4-t-PP
4-tert-butylfenol	4-t-BP
Dodecylfenol m. isomerer	DDP
2,4,6 tri-tert-butylfenol	TTB-fenol

Per- og polyfluorerte alkylsambindingar (PFAS)

Perfluoroktansulfonat (PFOS) og sambindingar som inneheld PFOS	PFOS, PFOS-relaterte sambindingar
Perfluorheksansulfonsyre (PFHxS) og sambindingar som inneheld PFHxS	PFHxS, PFHxS-relaterte sambindingar
Perfluorobutansulfonsyre (PFBS), inkl. salter av PFBS og relaterte sambindingar	PFBS, PFBS-relaterte forbindelser
Perfluoroktansyre	PFOA
Langkjeda perfluorerte karboksylsyrer C9-PFCA – C14-PFCA	PFNA, PFDA, PFUnDA, PFDODA, PFTrDA, PFTeDA

Tinnorganiske sambindingar

Tributyltinnsambindingar	TBT
Trifenyltinnsambindingar	TFT, TPT
Dibutyltinnsambindingar	DBT
Dioktyltinnsambindingar	DOT

Polysykliske aromatiske hydrokarboner

PAH

Ftalater

Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)	DEHP
Benzylbutylftalat	BBP
Dibutylftalat	DBP
Diisobutylftalat	DIBP

Bisfenol A

BPA

Siloksaner

Dodekametylsykloheksasiloksan	D6
Dekametylsyklopentasiloksan	D5
Oktametylsyklotetrasiloksan	D4

Benzotriazolbaserte UV-filtre

2-Benzotriazol-2-yl-4,6-di-tert-butylphenol	UV-320
2,4-di-tert-butyl-6-(5-chlorobenzotriazol-2-yl)phenol	UV-327
2-(2H-benzotriazol-2-yl)-4,6-ditertpentylphenol	UV-328
2-(2H-Benzotriazol-2-yl)-4-(tert-butyl)-6-(sec-butyl)phenol	UV-350



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Tom N. Pedersen, 5557 2119

Vår dato
08.06.2016
Dykkar dato
20.05.2016

Vår referanse
2016/6802 542.1
Dykkar referanse
16/4582

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

Løyve til utslepp for Austevoll Rognkjeks AS på lokaliteten Tråvika / Skjelevika i Austevoll kommune

Austevoll Rognkjeks AS får løyve til utslepp til luft og vatn for produksjon av reinsefisk av rognkjeks – *Cyclopterus lumpus* - med maksimal samla biomasse på inntil 25 tonn og eit fôrforbruk inntil 27,5 tonn på lokaliteten Tråvika / Skjelevika i Austevoll. Utsleppsløyvet er gitt i medhald av forureiningslova § 11, jf. § 16.

Løyvet med tilhøyrande vilkår er lagt ved dette brevet. Fylkesmannen har regulert dei tilhøva som blir vurdert til å ha dei mest alvorlege miljømessige konsekvensane.

Vi viser til søknad frå Austevoll Rognkjeks AS av 27. april 2016 oversendt frå Hordaland fylkeskommune 20. mai 2016.

Austevoll Rognkjeks AS søker om løyve til landbasert produksjon av reinsefisk av rognkjeks på lokaliteten Tråvika / Skjelevika i Austevoll kommune med ein biomasseproduksjon inntil 25 tonn og eit fôrforbruk på inntil 27,5 tonn.

Løyvet erstattar tidlegare vedtak og gjeld på dei vilkåra som følgjer vedlagt. Det er ikkje gyldig før Hordaland fylkeskommune har gitt løyve etter akvakulturlova.

Løyvet gjeld òg for utslepp frå reingjering av produksjonsutstyr og medisiner. Det er sett vilkår for handtering av fiskeavfall og anna avfall ved anlegget. Løyvet gjeld ikkje for slakting, sløying og foredling av fisk.

Dersom løyvet ikkje er teke i bruk innan to år, må verksemda melde frå til Fylkesmannen, jf. forureiningslova § 20.

Fylkesmannen vil påpeike at negative miljøpåverknader isolert sett er uønskt. Verksemda pliktar å redusere utsleppa så langt det er mogleg utan urimelege kostnader og pliktar å unngå unødvendig forureining, jf. forureiningslova § 7.

I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å overhalde forureiningslova, produktkontrolllova, og dei forskriftene som er heimla i desse lovene. Enkelte av forskriftene er nemnt i løyvet. Vi viser til www.regelhjelp.no for informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle for verksemda.

Fylkesmannen har ikkje sett krav til substitusjon av kjemikalie i løyvet. Krav til substitusjon følgjer direkte av produktkontrolllova § 3a.

Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79. Også brot på krav som følger direkte av forureiningslova og produktkontrolllova, og forskrifter fastsett i medhald av desse lovene, er straffbart.

Vurdering

Fylkesmannen har handsama søknaden etter forureiningslova og vurdert han etter naturvern-, friluftsliv-, vilt-, lakse- og innlandsfiskeinteresser, og naturmangfaldlova.

Søknaden gjeld oppstart av landbasert produksjonen av settefisk av rognkjeks på lokaliteten Tråvika / Skjelevika i Austevoll kommune.

Tilhøvet til plan

Produksjonsanlegget er plassert i eksisterande bygningar og på areal som er regulert til næringsføremål i kommuneplanen.

Vilt, laksefisk/innlandsfisk, naturvern og friluftsliv

Tiltaket fører ikkje til mogleg påverknad på laksefisk/innlandsfisk i området då det her er tale om landbasert produksjon av rognkjeks. Rognkjeks finst naturleg i våre farvatn.

Det er ikkje funne registrering av særlege interesser knytt til naturvern eller friluftsliv området.

Sjøområdet som resipient

Utsleppet frå anlegget skal skje på 40 meter djup i Hundvåkosen like utafor Torangsvågen via ein 500 meter lang leidning. Vassførekomsten Hundvåkosen (0260030600-C) har god økologisk tilstand. Hundvåkosen er eit terskla basseng på om lag 9 km². Det er ingen markerte tersklar som skil utsleppspunktet frå Hundvåkosen. Andre utslepp til denne resipienten kjem frå spreidd busetnad og eit matfiskanlegg.

Bidraget frå produksjon av inntil 25 tonn reinsefisk vil utgjere ein sær sars liten del av dei samla utsleppa av organisk materiale til resipienten. Til same resipient er det utslepp frå eit matfiskanlegget som har eit årleg fôrforbruk på 2.000 tonn.

Det er ikkje blitt utfør resipientgransking eller straummåling på lokaliteten, men det er synt til straummålingar utført på nærliggande matfisklokalitetar. Fylkesmannen ser det som positivt at det blir sett i gang produksjon av reinsefisk som kan redusere trongen for kjemisk avlusing. Utsleppa av organisk materiale er lite, samstundes som det er ført ut på god djupne og i ein rimelig stor resipient. Det burde vore utført straummåling, men ei vurdering av dei topografiske tilhøva sett i samanheng med storleiken av utsleppet tilseier at det er liten risiko for at det skal kunne skje ei opphoping av organisk materiale ved utsleppspunktet.

Utsleppspunktet ligg på 40 m djup. Botnen skrå vidare ned til djupner ned mot 130 meter. Terskeldjupet i nord er på vel 50 meter. Topografiske tilhøve på lokaliteten tilseier at det skal vere god nok vassutskifting på staden til dette føremålet.

Støy

Produksjon på anlegget skjer inne i bygningar som er plasserte på industriareal. Det er ikkje venta at støy kan bli eit problem for omgjevnadene.

Naturmangfald

Det er ingen registreringar av utvalde naturtypar, verneområde eller raudlistearter i *Naturbase* eller *Artskart* som vil kunne kome i konflikt med rognkjeksanlegget på Tråvika / Skjelevika.

Kunnskapsgrunnlaget for denne avgjerda er straummålingar og resipientgranskingar gjort på nabolokalitetar. Kunnskapen om naturmangfaldet i våre fjordsystem er avgrensa, noko som avspeglar seg i dei databasane vi har til rådvelde. Dette inneber at det kan kome ny kunnskap som kan ha påverknad på seinare avgjerder. Grunnlaget blir vurdert som tilstrekkeleg, jf. naturmangfaldlova § 8.

Vi vurderer det som å vere liten risiko for at miljøet skal bli uakseptabelt negativt påverka av å etablere rognkjeksanlegget på Tråvika / Skjelevika. Vi vurderer tiltaket som positivt for regionale bestander av leppefisk då oppdrett av reinsefisk vil føre til redusert fangsting av regionale bestandar. Fylkesmannen vurderer tiltaket som å vere tilstrekkeleg dokumentert til at føre-var-prinsippet ikkje blir gjeldande, jf. naturmangfaldlova § 9.

Den samla belastninga på resipienten som heilskap (vassførekomsten Hundvåkosen) blir i liten grad auka når det gjeld utslepp av organisk materiale, jf. § 10 i naturmangfaldlova.

Dersom det syner seg at det kan bli naudsynt å setje inn tiltak for å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet, skal kostnadene berast av tiltakshavar, jf. naturmangfaldlova § 11.

Austevoll Rognkjeks AS pliktar å ta i bruk miljøforvarlege teknikkar og driftsmetodar som er tilgjengelege for næringa i dag (BAT), jf. naturmangfaldlova § 12.

Konklusjon

Fylkesmannen meiner at kunnskapsgrunnlaget er til stades til å kunne gje eit utsleppsløyve for produksjon av reinsefisk av rognkjeks med biomasseproduksjon inntil 25 tonn på lokaliteten Tråvika / Skjelevika. Utsleppsløyvet er gitt i medhald av forureiningslova § 11, jf. § 16.

Fylkesmannen har vurdert risiko for ulemper ved tiltaket som akseptable i høve til fordelane tiltaket gir i form av meir miljøvenlege avlusingsmetodar, arbeidsplassar og matproduksjon.

Miljøtilstanden på lokaliteten skal følgjast opp med enkel overvaking av sedimenttilstanden ved utsleppspunktet (tilpassa MOM B gransking) kvart fjerde år.

Verksemda kan bli pålagt å utføre meir omfattande overvaking, eller delta i dei undersøkingane som Fylkesmannen finn nødvendig for å kartleggje forureiningseffekten anlegget har på resipienten, jf. forureiningslova § 51.

Risikoklasse

Verksemda er plassert i risikoklasse 4. Fylkesmannen har lagt storleik på produksjonen og eigenskapane til resipienten til grunn for val av risikoklasse. Han er gradert frå 1 til 4, der 1 er

høgaste risiko. Risikoklassen angir forventa ressursbruk ved tilsyn, jf. forureiningsforskrifta § 39-6. Han har òg innverknad på kor ofte vi vil gjennomføre tilsyn med verksemda og storleiken på gebyret ved tilsyn.

Gebyr for sakshandsaming

Fylkesmannen tar sakshandsamingsgebyr for arbeidet med løyve. Reglane om gebyrinnkrevjing er gjeve i forureiningsforskrifta kapittel 39. Vi har plassert verksemda under gebyrsats 4, jf. forureiningsforskrifta § 39-4 om arbeid med fastsetjing av nye løyve. Verksemda skal betale 21 500 kroner i gebyr for sakshandsaminga. Miljødirektoratet sender faktura.

Verksemda kan klage på vedtaket om gebyrsats til Miljødirektoratet innan 3 veker etter at dette brevet er motteke, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ei eventuell klage bør vere grunngeven og skal sendast til Fylkesmannen i Hordaland. Ei eventuell klage fører ikkje automatisk til at vedtaket blir utsett. Verksemda må derfor betale det fastsette gebyret. Om Miljødirektoratet imøtekjem klagen, vil det overskytande beløpet bli refundert.

Erstatningsansvar

Utsleppsløyvet frittek ikkje verksemda for erstatningsansvar for forureiningsskade, jf. § 10 og kap. 8 i forureiningslova.

Klage

Partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket til Miljødirektoratet jf. forvaltningslova. Send klagen til Hordaland fylkeskommune innan tre veker etter at anlegget har fått løyve etter akvakulturlova.

Dersom vedtaket blir påklaga, kan Fylkesmannen eller Miljødirektoratet etter førespurnad vedta at vedtaket ikkje skal gjelde før klagen er endeleg avgjort, jf. forvaltningslova § 42.

Partane i saka har etter forvaltningslova §§ 18 og 19 rett til å sjå saksdokumenta. Fylkesmannen kan på førespurnad gi nærare opplysningar om sakshandsaminga.

Med helsing

Ingrid Torsnes
senioringeniør

Tom N. Pedersen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Austevoll kommune	Kommunehuset	5392	Storebø
Austevoll Rognkjeks AS			
Mattilsynet	Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL

